# Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet (Kap. 1429 post 77)

## Mål for ordninga og målgruppe

Post 77 skal medverke til oppfølging av nasjonale mål og satsingar på kulturminnefeltet ved å legge til rette for at kulturminne, kulturmiljø og landskap blir integrert i lokal og regional utvikling. Tilskot frå posten skal stimulere til forpliktande samarbeid og partnerskap mellom offentlege og private aktørar over sektorgrensar og mellom forvaltningsnivåa.

## Tiltak som kan få tilskot

Tilskot kan bli gitt til prosjekt, tiltak og aktivitetar som revitaliserar og tar i bruk kulturminne, kulturmiljø og landskap til økonomisk, miljømessig, sosial og kulturell verdiskaping.

Søknadene må klargjere korleis prosjekta vil medverke til mål vedtekne i lokale og regionale planar og strategiar, og beskrive betydninga for viktige utviklingsfelt som næring, betring av attraktivitet, miljø, folkehelse, integrering og demokratisk deltaking.

For 2019 prioriterast i tillegg søknader som:

- Større prosjekt som sikrar at kulturminne, kulturmiljø og landskap blir integrert i lokal og regional utvikling.
- Baserer seg på samhandling mellom regionalt og kommunalt nivå og lokale aktørar.
- Omfatter integrering gjennom sysselsettingstiltak og demokratisk deltaking.
- Har ein klimavennlig profil.
- Inkluderar tema som frivillighet og folkehelse.

Søknadene må redegjee for korleis prosjekta kan bygge opp under nasjonale og regionale mål og satsingar på kulturminnefeltet. Det må framgå korleis prosjektet er koordinert med andre verkemiddel og arbeidsfelt i kulturminnesektoren, og korleis prosjektet vil kunne påverke den langsiktige forvaltninga av kulturminne.

Andre moment ved vurderinga av søknadene er:

- Korleis samarbeidet mellom aktørane er lagt opp.
- Korleis ulike verkemiddel, innsats og kompetanse er tenkt å gå saman.
- Korleis innbyggjarane blir involvert i prosjektet.
- Korleis prosjektet legg opp til dokumentasjon av resultat og formidling av erfaringar.
- Korleis prosjektet vil medverke til ny kunnskap og læring, lokalt, regionalt eller nasjonalt.

Tilskotet kan dekke opptil 50 % av prosjektkostnadene.

Riksantikvaren kan prioritere utvalte satsingsområde for det enkelte år, og gi nærare krav til søknadene i brev til fylkeskommunane og Sametinget.

## Kor skal søknaden sendast

Søknader sendast til fylkeskommunane, eventuelt også Sametinget om prosjektet gjeld samiske kulturminne, kulturmiljø og landskap. Fylkeskommunane og Sametinget koordinerer søknadene, og gir innstilling til Riksantikvaren.

## Søknadsfrist

Søknadsfristen til Riksantikvaren er 15. januar 2019.

## Krav til innhald i søknaden

Sjå under generell omtale over. (tatt inn på neste side)

## Generell omtale

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltninga, og gir råd og rettleiing i faglege spørsmål til Klima- og miljødepartementet. Riksantikvaren forvaltar tilskotsmidlane over postane 60, 70, 71, 72, 73, 74, 75, 77 og 79.

Hovudføremålet for kulturminneforvaltninga er at eit mangfald av kulturminne, kulturmiljø og landskap skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk. Ein må sjå tilskotsmidlane i denne samanheng. For manga av tilskotsordningane vil eigar ha ansvaret for gjennomføring av tiltak. I andre høve kan det vere føremålstenleg at Riksantikvaren, fylkeskommunen, Sametinget, dei arkeologiske forvaltningsmusea eller kommunane er ansvarlege i samarbeid med eigar. For dei ordningar kor det er relevant bør tilskotsmidlane kombinerast med ordningar for opplæring som kan heve kunnskapsnivået innan antikvarisk istandsetjing. Det blir lagt vekt på utvikling av handverkskompetanse og bruk av tradisjonelle handverksteknikkar og materiale

## Kor skal søknaden sendast

For dei fleste ordningane skal søknaden sendast fylkeskommunen som vurderer og prioriterer tiltaka før dei etter søknad får overført midlar frå Riksantikvaren. For nokre tilskot skal søknad sendast direkte til Riksantikvaren, og for nokre tilskot skal det ikkje sendast søknad i det heile tatt. Sjå omtale av de einskilde ordningane nedanfor. Ta kontakt med fylkeskommunen om det er behov for meir informasjon. Søknad om tilskot til arbeid med samiske kulturminne og kulturmiljø skal sendast til Sametinget.

For dei tilskotsordningane kor det skal sendast søknad, kan ein få søknadsskjema ved å vende seg til fylkeskommunen, Riksantikvaren eller Sametinget. I fylke der det ikkje finst eige søknadsskjema, skal søknaden følgje *Krav til innhald i søknaden* i dette rundskrivet. Det same gjeld for søknadar som skal sendast direkte til Riksantikvaren.

## Søknadsfrist

Søknadsfristen til Riksantikvaren varierer. For nokre tilskot er det ingen søknadsfrist, og for nokre tilskot skal det ikkje sendast søknad. Sjå under dei ulike postane. Søknadar som først skal handsamast av fylkeskommunane eller Sametinget må

sendast fylkeskommunen eller Sametinget i god tid før dette. Fylkeskommunane og Sametinget kan ha ulike tidsfristar, sjå under kvar enkelt tilskotspost.

## Krav til innhald i søknaden

I. Krav til identifikasjon av søkjar:

- Namn, adresse, eventuelt kontaktperson.
- Telefonnummer
- Bankkontonummer, og eventuelt organisasjonsnummer i Brønnøysundregisteret.
- Er søkjar eigar og/eller forvaltar av kulturminnet?
- Har søkjar ekstern revisor eller rekneskapsførar?
- Er søkjar mva-pliktig eller har han rett til mva-kompensasjon?

II. Krav til fagleg omtale av prosjektet/tiltaket som det blir søkt om pengar til:

- Namn eller adresse på objektet som ein søker tilskot til.
- Kva for tiltak som planleggjast.
- Framdriftsplan for prosjektet/tiltaket.
- Beløp som det vert søkt om.
- Korleis prosjektet/tiltaket er planlagt gjennomført (til dømes bruk av arkitekt, handverkarar, eigeninnsats).
- Referansar frå prosjektleiar og utførande handverkarar frå liknande oppdrag.

III. Krav til økonomisk omtale av prosjektet/tiltaket:

Utgifter spesifisert på:

- Løn inkl. feriepengar og arbeidsgjevaravgift.
- Forbruksmateriell.
- Reiser, transport, opphald.
- Konsulenthjelp.
- Andre utgifter (spesifisert). Finansiering spesifisert på:
- Eigenandel/eigeninnsats.

- Riksantikvaren eller fylkeskommunen/Sametinget (kap. 1429 postane 70, 71, 72, 73, 74, 75 og 79).
- Andre departement eller direktorat.
- Tilskot frå kommunen, eller tilskot frå fylkeskommunen som ikkje er statsmidlar.
- Anna finansiering (spesifisert).

Det må vere samsvar mellom budsjettering og summen det søkast om.

Kostnadsoverslag og tilbod frå utøvande handverkar, arkitekt m.v. skal følgje søknaden, likeeins beskriving av tiltaket med teikningar og eventuelle fotografi. Vidare må søknaden innehalde ei utgreiing av om tiltaket eller delar av tiltaket kan gjennomførast ved mindre tilskot enn omsøkt. Dersom søknaden inneheld fleire prosjekt, må kvart prosjekt bli spesifisert.

Dersom søkjaren er ein organisasjon/institusjon, må søknaden fremjast av leiinga for organisasjonen/institusjonen. Dersom ei verksemd er mottakar av tilskot til drift, må ho kunne leggje fram vedtekter, statuttar e.l. og organisasjonsplan eller oversikt over styringsstrukturen i verksemda.

For anna informasjon om tilskotsordningane blir det vist til omtala av desse i Prop. 1 S (2018-2019) for Klima- og miljødepartementet. Fylkeskommunen eller Riksantikvaren kan også gi meir informasjon.

## Rapportering

Tilskotsmottakar må levere sluttrapport på utført arbeid, under dette ein økonomisk rapport. Meir detaljert informasjon om rapporteringskrav blir gitt i dei enkelte tilskotsbreva.

*Teksten er hentet fra https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/tilskotsordningar-for-2019/id2617955*